



BKK AS v/Odd Olaf Askeland

Dato: 20.08.2015  
Vår ref.: 2015/4279-14  
Saksbehandlar: einhuns  
Dykkar ref.:

## Tilsegn til Hurtigladestasjon i Frekhaug, Meland kommune

Tilsegn LADE15-5

- Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 250.000 til prosjektet «Hurtigladestasjon Frekhaug». Vi viser til søknaden dykkar datert 30.06.15.
- Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland.
- De må sende inn underteikna akseptskjema innan 3 veker.
- **De må sende inn dokumentasjon og oppmode om utbetaling av tilsegna innan 30.11.15.**

### 1. Prosjektgrunnlag

Vegtrafikken stod for 16% av utsleppa i Hordaland 2013. Bensin- og dieselforbrenninga vert ikkje dekt av det europeiske kvotesystemet og er eit av områda regionale mynde har høve til å påverke.

Elektrifiseringa av lette køyretøy er eit energieffektiviseringstiltak som samstundes gjer det mogleg å konvertere energikjelda frå fossil til fornybar. Der kor vi i mindre grad kan redusere transportbehovet eller endre transportmodus, særleg i distrikta, vil personbilen fortsatt vere viktig. Då er det avgjerande å fremje overgangen til lågutsleppskøyretøy som elbilar. Medan dei økonomiske rammevilkåra for elbilar vert fastsette sentralt, ønskjer fylkeskommunen å leggje til rette med ladeinfrastruktur i distrikta. Retningsliner for det ønska ladetilbodet i Hordaland finn ein i Regional plan for attraktive senter.

Målet for prosjektet er etableringa av ein offentleg tilgjengeleg hurtigladestasjon for gjengse ladbare køyretøy mot betaling. Stasjonen inngår i det stadlege tenestetilbodet og retter seg mot lokalbefolkninga og gjennomreisande.

### 2. Prosjektorganisering

Fylkeskommunen har finansiert konsulentteneste til utarbeiding av prosjektsøknaden. Dessutan syt fylkeskommunen for at prosjektet oppnår fullfinansiering gjennom søkjar sin eigenkapital, lokale bidrag og offentlege tilskot. Ansvar for gjennomføring, oppfølging/drift og oppfylging av utlysingskriteria ligg hos søkjar.

### 3. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

#### Godkjende kostnader

Utstyr	kr	370.850
Teneste	kr	68.500

Straumforsyning	kr	124.040
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>563.390</b>

#### Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune	kr	250.000
Eigenkapital	kr	63.390
Meland kommune	kr	250.000
	<b>kr</b>	<b>563.390</b>

## 4. Vilkår for tilskotet

Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.

Igangsettinga av arbeidet må vere dokumentert innan 30.11.15. Samstundes må tilsegnsmottakar sende ei oppmoding om betaling.

Tilsegnsmottakar garanterer ei driftsperiode på minst 3 år.

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

#### Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.

Sluttrapporten skal seie noko om:

- Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)

Fylkeskommunen ber om årleg oppfølgingsrapport som omfattar:

- Effekt av prosjektet
- Eventuell utviding av tilbodet

#### Utbetaling

Tilsegnsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttretkeskapskjema for prosjektet til fylkeskommunen.

Revisor skal attestere sluttretkeskapskjema for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

**Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

**5. Klage/innsyn i dokumenta**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

**6. Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Einar Aalen Hunsager, e-post [einar.aalen.hunsager@hfk.no](mailto:einar.aalen.hunsager@hfk.no), telefon 55 23 93 22.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Midlane skal utbetalast frå Klimaplanen, budsjettstad 10.160402.00, prosjektnummer 10404.

Kopi til:  
Ardeo-Tech - Eric Wheatley

Meland kommune  
Utbetalingsansvarleg RA HFK

Vedlegg

- 1 Akseptskjema - Tilsegn til Hurtigladestasjon i Frekhaug, Meland kommune
- 2 Sluttrekneskapskjema - Tilsegn til Hurtigladestasjon i Frekhaug, Meland kommune